

NOTAT FRÅ FOLKEMØTER KOMMUNEPLAN SEPT 2017



Takk til alle som deltok og kom med synspunkt
til vårt felles arbeid for god lokalsamfunnsutvikling.

Notata er sortert kronologisk etter gjennomføringstidspunkt

INTERNT NOTAT

Dok. ref.
17/161-43

Arkivkode:
K1 - 141

Dato:
05.09.2017

REFERAT FRÅ GRENDAMØTE - VORMEDALEN 04.09.17

Frå kommunen møtte: Wictor Juul, Annbjørg Egeland Breiland og Torborg Kleppa.

Politikarar: Torunn Munthe (H) og Lill Laugaland (SP)

Innlegg frå bygdarådet v/ Sven Egil Sørensen (vedlegg).

Gjennomføring:

Innleiing – Wictor

Presentasjon om planprogram og kommuneplan – hovudmål og satsingsområde. Litt om arealdelen og føringar - Torborg

Innlegg frå Sven Egil Sørensen

Gruppearbeid – spørsmålstillingar - Annbjørg

Gjennomgang av svar – diskusjon

Litt om korleis ein skal gå fram for å komme med innspel til kommuneplanen.

Loddtrekning

Innspel frå Vormedalen – oppsummert:

- Legge til rette for spreidd bustadbygging – helst på kvar gard
- Internett- og mobildekning
- Kan kommunen medverke/påverke til at det kan byggjast ut meir vannkraft? Påverka endring i regelverket ift. verna vassdrag slik at det blir lettare å få gjennomslag for litt større utbyggingar enn det dei tillet i dag.
- Bygda har mange ressursar knytt til folk og natur - stort potensial ift. reiseliv – eks. Ritlandskrateret, landskapsvernområde mm.
- Viktig å oppretthalde grendahusfunksjon, støtte til vedlikehald

Plan og forvaltning

Torborg Kleppa
rådgjevar jordbruk
40439123

INTERNT NOTAT

Dok. ref.
17/161-45

Arkivkode:
K1 - 141

Dato:
08.09.2017

REFERAT FRÅ GRENDEMØTE - JØSNESET 04.09.17

Tidspunkt: måndag 4. september kl. 19.30-21.00.

Tilstade frå kommunen: Haldis K. Nilsen og Ann-Cathrin B. Kleppa

Politikarar: Bjørn Laugaland (Sp), Berit Østerhus (Sp), Håkon Helgøy (KrF), Henrik Nesvik (H)

Tal frammøtte: 18, inkl. politikarane

Gjennomføring:

- Presentasjon av planprogram og kommuneplan – hovudmål og satsingsområde, v/ Haldis
- Innlegg frå bygdarådet, v/ Rasin Tjeltveit
- Innleiing til gruppearbeid, v/ Ann-Cathrin
- Drøfting i grupper, gjennomgang i plenum
- Gjennomgang av korleis ein kan kome med innspel til kommuneplanen, v/ Haldis
- Loddtrekning

Innlegg frå bygdarådet:

- Optimisme, fellesskap, ildsjelar, mykje dugnadsinnsats, Smashing Jøsneset
- Det er få ungar i bygda. Korleis få barnefamiljar til å busetje seg her?
- Ha fine tomter tilgjengeleg
- Skape aktivitetar som får ungdommen tilbake til bygda
- Samferdsel er viktig
- Auka satsing på turisme, med meir markedsføring og tilrettelegging
- Organiserte opplevingsturar til m.a. oppdrettsanlegg og fruktgarder
- Positive til å halde på visjonen «Hjelmeland naturlegvis»

Gruppeoppgåve:

1. Korleis kan me i lag utvikle bygda slik at den, og Hjelmeland kommune, vert meir attraktiv?
2. Kva ressursar har ein i bygda som kan bidra/nyttast til å skape fleire arbeidsplassar, eller sikre dei eksisterande?

→ Oppsummering av innspela frå Jøsneset (sjå og vedlagte ark frå gruppedrøftingane):

- Leggje til rette for attraktive tomter, men og moglegheit for å leige hus før ein tar «valet»
- Spredt bustadbygging; få byggje der folk sjølv ønskjer å bu og har tilknytning
- Butikk, torghandel, bensinutsal, gjestebåthamn: potensiale på kaia?
- Transportmoglegheiter til/frå kaia, og vidare i retning både Sand og Tau
- Turistkontor på ferjekaia (både på Nesvik og Sande)
- Ressursar i både folka i bygda og i naturen
- Tilrettelegging og markedsføring av turområda
- Lokale matprodukt som m.a. fisk, kjøt og frukt
- Tilrettelegge for turistar, m.a. overnatting/camping, oppleving/aktivitetsferie, «turistskyss»
- Framsnakke bygda og kommunen
- Nytta gamalt skulebygg til noko meir enn grendahus? - næring, overnatting?

Oppvekt
Ann-Cathrin Berge Kleppa
Oppvekstrådgjevar
40439177

INTERNT NOTAT

Dok. ref.
17/161-44

Arkivkode:
K1 - 141

Dato:
07.09.2017

REFERAT FRÅ GRENDEMØTE - ÅRDAL - TYSDAG 5.SEPT

Frå kommunen møtte: Haldis K Nilse, Svanhild Hjorteland Gbada.

Politikarar:

Bjørn Laugaland SP, Njål Skår H, Kjell Apeland H, Henrik Nesvik H, Anita Riskedal Krf,

Frammøte: 22 stk inkl politikarane.

Gjennomføring:

Presentasjon om planprogram og kommuneplan – hovudmål og satsingsområde v/ Haldis
Gruppearbeid – spørsmålstillingar , 3 grupper
Gjennomgang av svar – diskusjon i plenum
Litt om korleis ein skal gå fram for å komme med innspel til kommuneplanen.
Loddtrekning – ei øskje lokal frukt

Innspel frå Årdal – kort oppsummert:

- Pensjonistar flyttar til Tau – korleis få dei til bli? behov for små leiligheter/små bustader på små tomter. Kanskje fortette det me har? eller endre på utbyggingrekkefølge, slik at ein ikkje må vente til Dalane er ferdig utbygd?
- Må få til bustadbygging på flatane – folk vil bu tettare og nærleik til servicetilbod
- Meir satsing for bustader for eldre – gjeld generelt i kommunen.
- Kulturminneforvaltning; må kunne frigis ein del, slik at ein kan nytte areala til andre ting, Norstone ønskjer å kome med innspel om dette.
- Felles småbåthamn td i området mellom Årdal brygge og branngarasjen
- Må fokusere på Ryfast: kommunen må vere rusta: td viktig å satse på kollektivtilbod
- Viktig å vere obs på straum-beredskap – kun ei linje inn til kommunen
- Kva med kommunal veg opp til Måmyra over til Bjødnabu – og/eller opp Bønardalen? Dette for å opne friluftsområda i heia slik at den blir tilgjengeleg for fleire brukargrupper, ikkje berre grunneigarar med rettar på skogsvegane.
- Næringsareal: det er fullt i Årdalstunet og Svadberg. Må leggje til rette utviding/nytt
-men samtidig må ein ta jordvernet på alvor – Årdal er ei av Norges mest grøderike bygder og matjorda er verdifull.
- G/S veg langs RV13 er «halvveg» - Den må gjerast «heil-veg», dvs fullføre slik at det blir ein samanhengjande trasè – same gjeld Kyrkjevegen
- Frivillighetsarbeid: kan opplevast tungt å ha kontakt med kommunen (unntak kultur-Eldfinn) Generelt viktig å ha fokus på korleis ein svarer frivillige initiativ – «me gjer ein del som kommunen burde ha gjort , men me får ikkje takk ein gong» - Det er ikkje alltid svaret frå kommunen på initiativ treng vere ja, men det er viktig med dialog og orntlige svar; ga døme ift offentleg badeplass(brygge) og off toalett v fotballbanen, som «berre blei fjerna». Bygda treng eit nytt offentleg toalett.
- Bygda gjer mykje vedlikehaldsarbeid td rundt skulen på dugnad – det er kjekt med dugnad, men det føles som meir og meir blir overlatt til frivillige: difor er det viktig å

ha dialog om slike ting, og det kan vere greitt å drøfte ansvarsfordeling slik at frivillige ikkje blir overbelasta av egentleg «kommunale oppgåver»

- Kommunen bør ha ein plan for vedlikehald av felles uteområder, for slike ting er viktig for trivselen i bygda.
- Kommunen bør støtte opp om utviklinga av Viglesdalen turistforeningshytte
- Kunne vore triveleg med ein allè langs vegen frå Årdalstunet til skuleområdet, og ikkje minst ein samanhengjande g/s-veg.
- Bør ha fokus på å få ferdig infrastrukturen i Årdalstunet.

Plan og forvaltning

Svanhild Hjorteland Gbada
rådgjevar arealplan
40439127

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
		()

INTERNT NOTAT

Dok. ref.
17/161-46

Arkivkode:
K1 - 141

Dato:
08.09.2017

REFERAT FRÅ GRENDEMØTE - JØSENFJORDEN 6.SEPT 17

Frå kommunen møtte: rådmann Wictor Juul, Svanhild Hjorteland Gbada rådgjevar arealplan, Torborg Kleppa rådgjevar landbruk.

Politikarar:

Berit Søvik Østerhus SP, Sven Gil Westersjø AP, Ståle Halsne KrF, SveinCarlosGjil SP

Frammøte: 22 stk inkl politikarane.

Gjennomføring:

Innleiing og info om kva planprogram og kommuneplan er v/ Wictor

Orientering om hovudmål og satsingsområda v/Svanhild

Gruppearbeid – spørsmålstillingar , 3 grupper

Gjennomgang av svar – diskusjon i plenum

Litt om korleis ein skal gå fram for å komme med innspel til kommuneplanen.

Loddtrekning – ei øskje lokal frukt

Innspel frå Jøsenfjorden – kort oppsummert:

- Fjorden, elva og heia har stort potensiale ift reisliv/turistsatsing – Meir tilrettelegging
- Haugavika er ein flott samlingstad for bygdefolk/hyttefolk/båtfolk. Har hatt offentleg toalett i anlegget, men avtalen med kommunen om vask og slamtømming er opphørt og toalettet stengt. Dette ønskjer me å få plass igjen. Det er behov for ope/offentleg toalett – om sommaren har det òg auka på med turist-gjennomfart – etterspurt behov. Kan ein nytta bårhuset (tidl barnehage) til formålet?
- Veldig viktig å oppretthalde dei godene me har: butikk og barnehage spesielt, og skytebanen er viktig å ta vare på (mykje aktivitet), og drift Lundaneset
- Breiband/fiberutbygging er viktig, og det er ikkje alle stader det er mobildekning. Ut langs fjorden er det blitt betre, men framleis «hol».
- Ønskjer meir samarbeid med nabokommune Suldal, td om legevakt/ambulanse
- Burde hatt ein balansert forvaltningsplan for grusressursen i bygda; kartlegging av gjenståande ressursar og avvegingar ift bruk/vern.
- Synd at «Statkraftbygget» i Haugevika står ubrukt. Har stort potensiale som næringsområde, burde kanskje vore omregulert, Fin stad for maritim næring som td båtverkstad og/eller småbåtlager.
- Burde hatt g/s-veg langs fylkesvegen mellom butikken og barnehagen: her var det sett av midlar frå StV og Norstone i si tid, men blei ikkje realisert – nå er pengane borte – burde vore prioritert opp att pga auka trafikk (òg sandtransport) og utrygt.
- Parkeringsplassen på Nesvik bør utvidast – for knapp kapasitet.
- To rasteplassar ved fylkesvegen: bygdeutvalet fekk midlar til opparbeiding, men ikkje til vedlikehald – viktig at dei framstår som ornlige/velhaldne
- Kollektivtilbod: dårleg busstilbod mot Sand/Sauda (vidgåande skule) – burde vore prioritert. Viktig å oppretthalde frekvens på ferjesambandet + hurtigbåttilbodet
- Prossessen kring skule/elevflyttinga var ugrei – kommunen må ta lærdom av slikt
- Sekkeklubb: bør tilpassast Suldal sin plan slik at borna i Js fj får same tilbod.

- Må vere mogleg å bygge hus spreidd utanom felt.
- Kommunen må vere meir aktiv ifm konsesjonsvilkår Ulla/Førre jf minstevassføring.

Plan og forvaltning

Svanhild Hjorteland Gbada
rådgjevar arealplan
40439127

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
08.09.2017	stikkord frå gruppediskusjonen _jøsenfjorden	(276036)
08.09.2017	deltakarliste	(276045)

INTERNT NOTAT

Dok. ref.
17/161-47

Arkivkode:
K1 - 141

Dato:
08.09.2017

REFERAT FRÅ GRENDEMØTE RANDØY - 7SEPT 2017

Frå kommunen møtte: rådmann Victor Juul, Svanhild Hjorteland Gbada rådgjevar arealplan, Ingeborg Westersjø, byggesak/plan/kart

Politikarar:
Torunn Munthe H og SveinCarlosGjil SP

Frammøte: 14 stk inkl politikarane.

Gjennomføring:

Velkommen v/Arne Sandanger bygdeutvalet
Innleiing og info om kva planprogram og kommuneplan er v/ Victor
Orientering om hovudmål og satsingsområda v/Svanhild
Gruppearbeid – spørsmålstillingar , 3 grupper
Gjennomgang av svar – diskusjon i plenum
Litt om korleis ein skal gå fram for å komme med innspel til kommuneplanen.
Loddtrekning – ei øskje lokal frukt

Innspel frå Randøy – kort oppsummert:

- **Vegstandard:** Veldig viktig sak. Vegen er smal, svingete og ikkje dimensjonert for tungtransport som det er ein del av (stein, tømmer) og aukande hyttetrafikk. Folk føler seg utrygge langs vegen. Nokre meinte at det ikkje må byggast meir hytter før vegen er oppgradert, medan andre meinte at fleire hytter er med på å «tvinge fram» ein oppgradering av vegen. Uansett meiner alle at kommunen må utøve trykk ift finansiering av fylkesvegen ut mot fylke/stat. Bygdeutvalet har jobba for utbetring i åresvis, og hatt direkte dialog med vegvesen, utan at noko har skjedd. Som strakstiltak bør i alle fall enkelte utpeika «problemstrekk» prioriterast – td Ølesundbakken, Breivik.
- **Fiber:** Veldig viktig sak som bygdeutvalet har lagt ned masse frivillig arbeid på, utan å kome i mål med Lyse. Kommunen må vere med å vere pådrivar. Kanskje me bør «slå oss saman» med dei andre bygdelaga som heller ikkje har fiber, slik at me saman får større slagkraft – kanskje òg saman med lokale verksemdar. Mobilnettet er heller ikkje optimalt alle stader.
- **Randøybrua:** her må det snart kunne finne tekniske løysingar som løyser utfordringa ift at brua er for smal for to bilar å passer – medfører mange ubehagelige situasjonar, trafikkregulering må til
- **Lys Randøykrysset:** dette er eit lite knutepunkt og del av skuleveg; der elevar i grunnskule/vidgåande skiftar buss, venteplass. Her er det heilt mørkt vinterstid; det bør vere enkelt å forlenge ekst vegbelysning hit, nok med ein ny lykestolpe. Bør vere tiltak i trafikktryggleiksplan. Veglys generelt er viktig.

- Randøy bør kunne ha moglegheiter for **maritim næringsutvikling** td utvikling nye artar, tang/tare oa.
- **Viktig å behalde dei godene me har !** Td butikken i Ølesund, hurtigbåten, legebåten, skulebygget som grendahus/kulturarena. Kommunen må bli flinkare til å ta i bruk slike bygg som ligg spreidd i kommunen, og vere med som bidragsytar ift aktivitet i bygga.
- Randøy kunne vore aktuell for etablering av **bubil/campingplass**, men vegstandard kan vere begrensande faktor for dette.
- Spørsmål om status ift **RennRand** – Wictor orienterte. Den saken er «parkert»
- Me bør opprette **ladestasjonar** for el-bil (td mange hyttefolk som har elbilar); aktuelle lokaliseringar kan vere ved butikken eller ved skulen
- Ta vare på og byggje opp under **eksisterande næringar** som td gardsbruka, veksthus og steinuttaket – viktige ressursar som kan vidareutviklast.
- Hadde vore fint om me hadde hatt ein **offentleg badeplass** som var tilrettelagd og lett tilgjengeleg for alle.
- Betre tilrettelegging/skilting av dei viktigaste **turmåla**
- **Frivillig arbeid:** viktig at kommunen støtte opp under frivillig arbeid, slik at lag/foreningar består. Bygdeutvalet bruker veldig mykje fritid på «tunge saker» og ønskjer ofte drahjelp frå kommunen som td ift fiber og vegutbetring.
- Prøver å **inkludere** hyttefolk og nytilflyttrar (td arbeidsinnvandrere) til det som skjer av aktivitetar, men trur de kan bli enda flinkare til dette. Og eiga **markedsføring** av eiga bygd har òg eit større potensiale.

Plan og forvaltning

Svanhild Hjorteland Gbada
rådgjevar arealplan
40439127

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
08.09.2017	deltakarliste	(276043)
08.09.2017	stikkord frå gruppediskusjon	(276044)

INTERNT NOTAT

Dok. ref.
17/161-48

Arkivkode:
K1 - 141

Dato:
08.09.2017

REFERAT FRÅ GRENDEMØTE - FISTER 07.09.17

Tidspunkt: torsdag 7. september kl. 19.30-21.00.

Tilstade frå kommunen: Haldis Nilsen og Ann-Cathrin B. Kleppa

Politikarar: Lill Laugaland (Sp), Gaute Hauge (Ap), Håkon Helgøy (KrF), Kjell Apeland (H)

Tal frammøtte: 31, inkl. politikarane

Gjennomføring:

- Innlegg frå bygdarådet, v/ Torhild Hauge Dahl
- Presentasjon av planprogram og kommuneplan – hovudmål og satsingsområde, v/ Haldis
- Innleiing til gruppearbeid, v/ Ann-Cathrin
- Drøfting i grupper, gjennomgang i plenum
- Gjennomgang av korleis ein kan kome med innspel til kommuneplanen, v/ Haldis
- Loddtrekning

Innlegg frå bygdarådet:

Sjå vedlagt powerpoint-presentasjon.

Gruppeoppgåve:

1. Korleis kan me i lag utvikle bygda slik at den, og Hjelmeland kommune, vert meir attraktiv?
2. Kva ressursar har ein i bygda som kan bidra/nyttast til å skape fleire arbeidsplassar, eller sikre dei eksisterande?

→ Oppsummering av innspela frå Fister (sjå og vedlagte ark frå gruppedrøftingane):

- Ivareta Fister som varemerke («Fisterbær» etc.)
- Framsnakke bygda
- God giv i bygda, frivillig innsats; fortsetje slik
- Positiv tilbakemelding til bygda frå hyttefolket
- Pendlerbåter direkte til/frå Stavanger og betre busstilbod til/frå bygda
- Turløyper, utsiktspunkter: ha gode tavler med informasjon og kart
- Betre parkeringsmoglegheiter ved turløyper
- Tursti frå «Stemmen» til sjøen langs elva, og tursti rundt Hetlandsvatnet
- Meir mangfald i samfunnet, med ønskje om flyktningar til Fister og (no som det vert butikk)
- Eigne ungdomsarrangement i tilknytning til større arr. som Fisterdagen, Frukt- og laks
- Turisme: fleire overnattingsmoglegheiter, bubilcamp, campingplass, aktivitetar
- God infrastruktur og fibertilgang er viktig
- Stabil strømtilgang er viktig for næringa
- Avfallsprodukt frå Fister smolt kan nyttast til å lage biogass
- Lokale matprodukt (m.a frukt, bær, fisk, egg)

- Fleire bustadtomter, m.a. på Eikehaugen
- Betre markedsføring (t.d. på kommunen si heimeside) av kor det er tomter til sals
- Utvikle fleire hyttetomter og næringstomter

Oppvekst

Ann-Cathrin Berge Kleppa
Oppvekstrådgjevar
40439177

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
08.09.2017	Notat frå gruppearbeid - Fister 07.09.17	(276063)
11.09.2017	Presentasjon Fister bygdaråd 07.09.17	(276080)

INTERNT NOTAT

Til:

Wictor Juul

Dok. ref.

17/161-49

Arkivkode:

K1 - 141

Dato:

15.09.2017

REFERAT FRÅ GRENDEMØTE HJELMELAND 14.9.17

Frå kommunen møtte: Svanhild Hjorteland Gbada og Haldis Karine Nilsen.

Politikarar: Torunn Munthe (H), Lin Veronica Jacobsen (Ap) og Berit Søvik Østerhus (SP)
Totalt 12 frammøtte inkludert oss frå kommunen

Gjennomføring:

Innleiing – Haldis

Presentasjon om planprogram og kommuneplan – hovudmål og satsingsområde. Litt om arealdelen og føringar. Status sentrumsprosjekt - Svanhild

Orientering om oppstart av grendeutval v/Lin

Drøfting – spørsmålstillingar i plenum

Litt om korleis ein skal gå fram for å komme med innspel til kommuneplanen.

Loddtrekning

Innspel frå Hjelmelandskrinsen – oppsummert:

TREPARTSAMARBEID:

- Bygdaråd under oppstart. Vil i fyrste rekke prioritera sosiale aktivitetar og trivsel, td St Hansfeiring, ryddedag, kanskje lørdagskafe mm. Sju personar har takka ja til å bli med i starten, fyrste møte neste veke.
- Utfordring med stor krins; skal dekkja både sentrum og meir utkantar.
- Me må inkludera tilflyttarar og hyttefolka meir: Sjå til Fister!
-

REISELIV:

- Me må nytta turistvegen meir! Og så må me gjera noko for å halda på turistvegstatusen
- Bør følgja kommuneplanen opp med ein enkel reiselivsplan! Må bli meir enn ord. Mykje har skjedd på turistfronten siste åra. «Trekking»-kultur (telt i midtrabatten).
- Utnytta ferjene meir. Turistinfo attende hit. Infoskilta på nesvik og Hjelmeland må på plass
- Utvikla kultur for reiseliv og service – generelt
- Utvikla aktivitetar: guidekompani, klatrepark i Sandedalen, organiserte fisketurar på fjorden. Sjå til Odda.
-

ATTRAKTIVE LOKALSAMFUNN

- Internett- og mobildekning framleis ei utfordring for delar av Hjelmelandskrinsen
- Kollektivtransport
- Kor langt skal me strekkja sentrum?
- Handla lokalt dagen – markering 21.okt
- Prosessen med nye ferjekaiar blir viktig. Eige infomøte om reguleringsarbeidet når oppstart er meldt.

Plan og forvaltning

Haldis Karine Nilsen
Plan- og forvaltningssjef
40439120

Kopi til:

Annbjörg Breiland Egeland
Svanhild Hjorteland Gbada
Ann-Cathrin Berge Kleppa
Torborg Kleppa

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
		()

INTERNT NOTAT

Til:

Annbjørge Breiland Egeland
Svanhild Hjorteland Gbada
Wictor Juul
Ann-Cathrin Berge Kleppa
Torborg Kleppa
Ingeborg Westersjø

Dok. ref.

17/1053-46

Arkivkode:

K1 - 141

Dato:

22.09.2017

NOTAT FRÅ GRENDAMØTE OMBO 19.9

Tidspunkt: tysdag 19. september kl. 19.00-20.45

Tilstade frå kommunen: Wictor Juul og Haldis Nilsen.

Politikarar: Sven Westersjø (Ap), Lin Veronika Jacobsen (Ap), Torunn Munthe (H)

Tal frammøtte: ca 25 med politikarane

Gjennomføring:

- Innleiing om kommuneplanarbeid v/Wictor
- Presentasjon av planprogram og kommuneplan – hovudmål og satsingsområde, v/ Haldis
- Drøfting i grupper, gjennomgang i plenum
- Gjennomgang av korleis ein kan kome med innspel til kommuneplanen, v/ Haldis
- Loddtrekning

Gruppeoppgåve:

1. Korleis kan me i lag utvikle bygda slik at den, og Hjelmeland kommune, vert meir attraktiv?
2. Kva ressursar har ein i bygda som kan bidra/nyttast til å skape fleire arbeidsplassar, eller sikre dei eksisterande?

Oppsummering frå kommuneplanmøtet 19.9.17 på Ombo.

Punkter frå den eine gruppa:

Oppdatera nettsida

Korleis får me ei meir attraktiv bygd?

- Ressursane i bygda: jakt, havbruk

Sikre dei eksisterande næringane: Landbruk, hage/frukt, pelsdyr, skule/barnehage.

Kva er viktig:

- Legebåten
- Ombo er ein god plass for grunderar.
- Ferje, hurtigbåt og fiber. Alt av kommunikasjon må ivaretas.
- Samarbeid med høgskulen på Jæren, senter for bygdeutvikling (Rektor Dag J Lønning bør bli invitert til Ombo)
- Områder med kai regulert til industri slik at me kan ta imot destruering/gjenvinning frå havindustri.
- Brannberedskap

I tillegg blei det pekt på:

Samarbeid mellom Lyse og Telenor mtp fiberutbygging. Fiber bør i luft på denne øya.
Utnytte ressursar på øya.
Fritidsaktivitetar. Fleire treffsteder i bygda.
Behalde skule/barnehage
Legebåten/legevakt
Tomter/spredt boligbygging
Vedlikehald av vei. Lokale krefter i samarbeid med fylket.
Trafikksikkerhet ved ventetid på ferje/transport.
Hurtigbåten har ugunstige avgongar.
Ombodag og nettside er eksemplar på sosiale tilbod.
Infoskjerm
«Bålpanne-tur»

Plan og forvaltning

Haldis Karine Nilsen
Plan- og forvaltningssjef
40439120

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
		()

INTERNT NOTAT

Dok. ref.
17/1053-48

Arkivkode:
K1 - 141

Dato:
25.09.2017

NOTAT FRÅ MØTE - FLYKTNINGSEKSJONEN 15.09.2017

Vi hadde en interessant dag på fredag og diskusjonen gikk høyt og lavt i forhold til hva kommunen burde vektlegge i planarbeidet.

Oppgaven var: hvordan gjøre kommunen vår/sentrum mer attraktivt?

- Hvordan få nye innbyggere hit?
- Hvordan beholde de innbyggerne vi har?
- Hvordan skape flere arbeidsplasser?
- Hvordan videreutvikle de arbeidsplassene vi har?

Ingen forslag var for dumme, og de ble gitt frie tøyler i forhold til å «drømme høyt.»

Forslagene ble disse:

- 1: En stor og allsidig lekepark for barn og voksne (enten å bygge ut den som ligger ved Spar, eller ved å lage en større nede ved Sandestranda)
- 2: Faste aktiviteter i Spinneriet – biljardbord, bordtennis, internasjonale arrangementer med matservering, musikk og dans. Gjerne annenhver lørdag. De vil selv gjøre dette på dugnad. Grunnen til at den nye cafèen ikke ble tenkt til dette, er fordi den ikke har plass til alle ungene og f.eks biljardbord – derfor ble Spinneriet foreslått.
- 3: Fortau over gangbroa for å sikre de myke trafikantene.
- 4: Mer grus/singel på gangstien nedorbi broa – når det regner mye, blir det ofte glatt og vanskelig å fote seg der. Mer beplantning og noen benker langs veien.
- 5: Sykkelvei/sti fra kommunehuset og opp til bensinstasjonen (i første omgang)
- 6: Flere benker på Sandestranda, toalett og et ønske om å rense stranda for en del stein, da de syns det er vanskelig å fote seg på grunna.
- 7: Gode og store informasjonsplakater på flere språk i Puntsnesbakken.
- 8: Parkeringsplassene fungerer bra, men kunne vært «penere» i form av flere planter.
- 9: Bak kommunehuset, ut mot elva – ønsker de seg flere benker og bord.
- 10: Kommunen bør støtte opp om, og hjelpe de som ønsker å starte egne bedrifter – en kunne tenke seg å ha en restaurantbuss, en annen ville gjerne starte frisørsalong – men utstyr og lokale koster.
- 11: Kommunen bør prioritere å ha en fadderordning internt, slik at alle i intro får sin fadder som jobber i kommunen – i starten av oppholdet sitt her. De vil føle seg mer velkomne fra «innsiden» - og det vil inspirere dem til å komme raskere i gang med å BRUKE norsken de lærer på skolen. De mener dette vil gjøre det lettere å komme i kontakt med norske etterpå – slik at de unngår også å «ghettoisere» seg der de er bosatt. Slik det er nå, velger de det letteste som er å snakke og være sammen med «sine egne» - og da snakkes det ikke mye norsk.
- 12: Kommunen bør opprette flere praksisplasser i flere avdelinger.

Jeg tok et par bilder fra arbeidet, men sender de i en egen melding (har glemt å ta med paddå)

Med venleg helsing

Nina Gjestvang-Knutzen
Flyktningkonsulent



Hjelmeland kommune

Adresse: Vågen, 4130 Hjelmeland

Mobil: 40439237

E-post: postmottak@hjelmeland.kommune.no

Internett: www.hjelmeland.kommune.no



Plan og forvaltning

Svanhild Hjorteland Gbada
rådgjevar arealplan
40439127

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
		()